



Hjartdal og Svartdal

TELEMARK

Seljord, mars 2018

Retningslinjer og rettleiing for tilskot til Utvalt kulturlandskap – Hjartdal og Svartdal 2018

Vi har 32 *Utvalde kulturlandskap* i Noreg. Eitt av desse er Hjartdal og Svartdal i Telemark. Det kom på lista i 2017 saman med 9 andre nye kulturlandskap. Frå før er Jomfruland og Stråholmen i Telemark eit utvalt kulturlandskap. I desse områda kan grunneigarar og brukarar søkje tilskot til skjøtselstiltak. Her kan du lese retningslinjene for denne tilskotsordninga i Hjartdal og Svartdal.

Regelverket er utarbeidd på grunnlag av forskrift om tilskot til tiltak i *Utvalgte kulturlandskap i jordbruket og verdensarvområdene Vegaøyan og Vestnorsk fjordlandskap, FOR-2016-10-966*. I tillegg har interimstyret prioritert enkelte søknadstiltak i 2018.

Føremålet:

Føremålet med tilskot til tiltak i Utvalde kulturlandskap er å medverke til å sikre verdiar knytt til biologisk mangfald, landskap, kulturminne og kulturmiljø, og å sikre langsiktig skjøtsel og drift.

Kva for område ordninga gjeld for:

Regelverket gjeld for det utvalde kulturlandskapet Hjartdal og Svartdal slik det er merkt av i forvaltningsplanen for området; sjå kartvedlegg.

Kven kan søkje:

Grunneigarar, drivarar, lag og organisasjonar som medverkar til å nå måla i forvaltningsplanen og eventuelle skjøtelsplanar, dersom det er utarbeidd, kan søkje. Dersom søkjar ikkje er grunneigar, må det ligge føre løyve frå grunneigar eller andre rettshavarar.

Kva kan du søkje om tilskot til?

Dette kan du søkje om i 2018:

- Beite- og landskapstiltak – for 2018 vert tiltak i aktive beiteområde **prioritert**

Sidan forvaltningsplanen ikkje er klar før 31.12.2018, vert søknadsomgangen i 2018 eit unntaksår.

Tiltak og tilrettelegging i aktive beite:

Ein kan få tilskot til tiltak på areal som er i bruk eller eigna til beite jf. skjøtelsplanar. Målet må vere å gje god samanheng mellom beita og å vere eit "vindauge" inn i dei aktive kulturlandskapa.

Midlane vil i 2018 fyrst og fremst prioriterast til aktive beite og ikkje gå til nye område som vert opna opp. Det er fyrst og fremst fordyrande element og/eller tiltak utover vanleg drift ein kan søkje om tilskot til. Med fordyrande element kan ein tenkje seg materialval, utsjånad eller teknikkar på oppsetting av gjerde (steingardar, bordgjerde, skigardar etc). Ein kan og tenkje seg fegater (gutu, gøtu, geil), klopper, tilgang til vasskjelde for dyra, informasjonsskilt mm. Det kan tenkjast ein

områderetta innsats der fleire grunneigarar kan gå saman om å utnytte eit område til å gjerde inn til eigna beite.

Det er viktig at gjerdetypen er permanent, tilpassa dyrearten og av god kvalitet. Gjerdetypen skal vere laga av tradisjonelle materialar og tilpassa landskapet og med god estetikk.

Det er krav om beitedyr og rett beitetrykk der det vert gjeve tilskot. Dersom ein ikkje har beitedyr sjølv, må ein ha skriftleg avtale om at arealet blir beita med rett beitetrykk. Der skjøtelsplanar finst, skal desse vere retningsgjevande for forslag til type dyr og tid for beiting. Det vert gjeve eingongstilskot normalt med 40-70 % av godkjent kostnadsoverslag.

Styret prioriterer søknadene.

Korleis søkjer du:

- Bruk og fyll ut *Søknadsskjema for utvalde kulturlandskap Hjartdal og Svartdal* som du finn på heimesida til Hjartdal kommune og Seljord kommune.
- Omsøkt tiltak skal merkast av på kart som skal ligge ved søknaden. Bruk gjerne gardskart.
- Det er viktig at tiltaket vert dokumentert med **foto før og etter**.
- Arbeidsfrist er normalt eitt år frå løyvd tiltak.
- Send søknaden til: post@seljord.kommune.no
- **Søknadsfrist er 1.mai 2018**

Rettleiande satsar for eigeninnsats:

Manuelt arbeid	kr 300 pr time
Traktor m/førar	kr 500 pr time
Person m/motorsag, ryddesag el. Rydding av gutu/gøtu.	Kr 350 pr time

Gjerdetypar vert vurdert etter vedlagt kostnadsoverslag.

Om du får tilskot, kva gjer du då:

Merk deg at arbeidsfristen er kort. Før utbetaling av tilskotet, må det liggje føre ei enkel skriftleg oppmoding om utbetaling frå søkjar (gjerne ein epost). Minst 25 % av tilskotet vert halde tilbake til arbeidet er fullført og sluttrekneskapen er godkjent av kommunen. For tilskot under kr 10.000 vert det ikkje gjeve delutbetaling. Saman med oppmodinga om sluttutbetaling, skal det følgje ein rekneskapsoversikt med kopi av bilag for gjennomført tiltak. Rekneskapen bør følgje oppsettet til kostnadsoverslaget og vere så oversiktleg som mogleg. Foto skal følgje med sluttrapporten. Utlegg som ikkje kan dokumenterast med kvittering/bilag og/eller timelister kan ikkje takast med i oversikten.

Kontroll av tiltaket:

Kommunen/Fylkesmannen og Riksrevisjonen kan setje i verk kontroll for å sjå til at tiltakseigar brukar tilskotet etter føresetnadane. Ved kontroll pliktar tilskotsmottakar å gje nødvendig dokumentasjon om tiltaket. Kommunen/Fylkesmannen kan krevje tilskotet tilbakebetalt dersom tiltakseigar ikkje brukar tilskotet i samsvar med føresetnadane. Vedtak gjort av kommunen, kan ein klage på til Fylkesmannen.

Rullering av retningslinjene

Retningslinjene vil bli rullert ein gong i året med bakgrunn i årleg tildeling frå Landbruksdirektoratet eller innspel frå styret for utvalde kulturlandskap Hjartdal og Svartdal.